

Saksbehandlar: Liv Vik Epletveit, biblioteksjef - Administrasjonsavdelinga
Dir.tlf./e-post: 37185266, amlibibliotek@amli.kommune.no
Saksordførar: Ingeborg Anderssen

Dato: 11.04.2007
Arkivref: 2007/307 - 1

Utv.saksnr: Møtedato: Utval:
Kommunestyret

BIBLIOTEKREFORM 2014

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG:

Åmli kommune sluttar seg til "Bibliotekreform 2014" med dei merknader som er nemnt i saksframlegget.

KORT OM SAKA:

Høyringsbrev- "Bibliotekreform 2014" med høyringsfrist 1.mai vart sendt ut frå Kunnskapsdepartementet og Kultur og kyrkjedepartementet.

Dei tre viktigaste elementa i den føreslåtte Bibliotekreform 2014 er:

1. Felles digitale tenester. Dette krev samarbeid mellom biblioteka og ei nasjonal koordinering og finansiering.
2. Noregsbiblioteket – nettverk av bibliotek i Noreg. Ein føreslår ein reform av bibliotekstrukturen, ein konsolidering av biblioteka til større einingar, med sterkare bibliotek og kompetansemiljø.
3. Kompetanseutvikling for tilsette. Føremålet er å styrke og fornye kompetansen i biblioteksektoren.

Målsettinga for " Bibliotekreform 2014" er:

- Biblioteksektoren skal i 2014 bestå av eit samhandlande nettverk av kompetente og sterke bibliotek.
- Biblioteka skal tilby gode, relevante og oppdaterte tenester og tilføre brukarane kunnskap, kompetanse og kulturopplevingar.
- Biblioteket skal vere synleg og gi gode og etterspurte tilbod på nettet, i forskning og undervisning og i lokalsamfunnet.
- Brukarfokus: det er eit politisk mål at innbyggjarane i Noreg skal ha lik tilgang til kultur og kunnskapskjelder uavhengig av økonomisk evne, bustad, arbeidsplass eller tilknytning til ein utdanningsinstitusjon.

Det vert oppmoda til at høyringsuttaler følgjer denne malen. 1. Generelle kommentarar. 2. kommentarar til dei enkelte forslaga. 3. Andre kommentarar.

MERKNADER/VURDERING:

1. Generelle kommentarar.

Målsettinga for " Bibliotekreform 2014 "er i tråd med dei ønske Åmli kommune har for eit godt bibliotektilbod. Ein vil likevel her legge vekt på at eit lokalt tilbod er særskild viktig i ein kommune med store avstandar til andre sentra.. Det er viktig at bibliotektilbodet er eit kommunalt ansvarsområde og at lokalisering av bibliotektenestene tek omsyn til alle brukargrupper, både dei som etterspør digitale tenester og dei som treng personleg hjelp og vegleiing.

2. Kommentar til dei enkelte forslaga.

2.1. Felles digitale tenester.

Ei satsing på felles digitale tenester vil vere eit viktig moment for å sikre også små kommunar eit fullverdig digitalt tilbod. Dette føresett ei nasjonal styring og finansiering.

2.2. Noregsbiblioteket.

Den konsolideringsprosess som tek sikte på å styrke fagmiljø, kompetanse og ressursutnytting må ikkje gå på bekostning av nærleik til brukaren og lokalkompetanse. For dei små lokale biblioteka er det viktig med eit sterkt regionalt nivå der ein kan hente råd og kompetanse når ein treng det. For Åmli sin del har Aust - Agder bibliotek og kulturformidling på ein utmerka måte fylt denne rolla.

For eit vidare samarbeid mellom biblioteka i fylket er det viktig at det vert bygd vidare på det samarbeidet som allereie fungerer godt. Det betyr at dei lokale bibliotek må styrkast samtidig som det regionale nivå tilførast nok ressursar til å ivareta si rolle som koordinator, nettverksbyggjar og leverandør av kompetansehevande kurs.

2.3. Kompetanseutvikling for tilsette.

Regionalleddet bør ha ei viktig rolle her, samstundes som digitale kurstilbod er eit viktig element for å gjere kompetanseheving uavhengig av avstand til studiestad.